

## LITTERATUR

1. *Otto Salvigsen*: «Ottar» nr. 110, 1979. Tromsø Museum.
2. *Karl-Dag Vorren*: «Ottar» nr. 51, 1967. Tromsø Museum.
3. *Løddesøl og Lømnsland*: Orienterende teleundersøkelser på myr i Sør-Varanger, Medd. fra Det norske myrselskap, nr. 4-39.
4. *Karl-Dag Vorren og Brynhild Vorren*: The problem of dating a palsa etc. *Astarte*, 8, 1975.

## Forsøk med strandrøyr

Aase, K., Sundstøl, F. og Myhr, K. 1977. Forsøk med strandrøyr og nokre andre grasarter.

Forskning og forsøk i landbruket 28 (5): 575—604.

gras med grov og stiv stengel. Strandrøyrplanten har eit kraftig rotsystem,

Strandrøyr er eit høgvakse, bladrikt som kan hente vatn og næring frå stort djup. Karakteristisk for strandrøyr er elles dei underjordiske stengelutløparane, som armerer matjordsjiktet slik at det får relativt stor bereevne.

Strandrøyre er ein av dei aller varigaste grasartene vi kjenner, og difor har somme rekna det for eit ugras, til liks med kveke.

I åra 1970—1976 vart utført i alt 22 markforsøk for samanlikning av strandrøyr, timotei, engsvingel, engrapp og rausvingel på Sør- og Vestlandet. Dei fleste forsøka vart utførde i bygder der det ofte er overvintringsvanskar. Fem forsøk vart hausta i seks år, seks i fem år, to i fire år, åtte i tre år og eitt i to år.

I tillegg til fastsetting av tørrstoffavlingar i markforsøka vart utført kjemiske analyser og meltingsforsøk med sauer.

Dessutan vart granska m.a.kor fort frøet spirte, vekst og avling i attleggsåret, tilhøvet mellom blad og stengel og vekstrytme hjå ulike strandrøyrpopulasjonar.

Amerikansk strandrøyr har i medel Amerikansk strandrøyr er tilpassa vekstvilkåra i kyst- og fjordbygdene på Sør- og Vestlandet, men inne i dal- og fjellbygdene er det tydeleg at stadeigne strandrøyrpopulasjonar står best.

Strandrøyr toler og gir att for sterkare gjødsling enn timotei.

Strandrøyr inneheld vesentleg meir protein enn dei andre grasartene.

Meltingsforsøk med sauer viser at meltegraden for organisk stoff og energi er lågare i strandrøyr enn i høyr frå engsvingel/timotei. Trevler og N-frie ekstraktstoff er vesentleg mindre melteleg i høyr og strandrøyr enn i engsvingel/timoteihøyr. For råprotein er funne høgast meltingskoeffisientar i strandrøyr.

Ved hausting like før skyting er førsteslått av strandrøyr relativt lett melteleg samanlikna med engsvingel og timotei. Ved hausting etter skyting er strandrøyr vesentleg tyngre melteleg enn dei andre grasartene.

Frø av strandrøyr spirer seinare enn frø av timotei og engsvingel, og strandrøyrplantene er såleis meir plaga av konkurranse frå ugras og eventuell dekkvekst i attleggsåret.

Det vert tilrådd å så strandrøyr utan dekkvekst, og å sprøyte mot ugras når det er naudsynt. Når strandrøyr vert sådd i midten av mai, kan det gi stor avling av silogras alt første sommaren.

Norsk strandrøyr har vesentleg meir blad og mindre stengel enn både timotei og amerikansk strandrøyr.

I amerikanske forsøk er vist at somme sortar av strandrøyr inneheld så mykje alkaloid at det går ut over fóroptaket. I vårt land er det truleg at alkaloidinnhaldet i strandrøyr spelar mindre rolle, ettersom vi har eit kaldare og våtare klima.

best. Jamført med dei andre artene har strandrøyrret hevda seg betre etter kvart som engene vart eldre.

for alle forsøk og år gitt 10% større

Fortsettelse sida 80